



Gøy på musikksommarkurs. Nils Rainer omtrent midt i bildet i fremste rekkje.

**Nils Rainer Vågen frå Skorpo som til vanleg spelar i Uskedal skulemusikk, deltok i slutten av juli på NMF sitt sommarkurs på Karmøy. Nils Rainer deltok på såkalla Rødt kurs saman med mange andre korpsinteresserte 12 og 13-åringar frå Sunnhordland og Rogaland. Han var også på sommarkurs i fjor. Då var det Gult kurs.**



Flott avslutningskonsert! Nils Rainer (nærmast)

På kurset på Karmøy folkehøgskule som varte i 6 dagar, var det som alltid særdeles dyktige instruktørar. I tillegg til den musikalske staben var det også ein dramapedagog.

Musikantane fekk undervisning i instrumentalgrupper, i korps, teori og dramaundervisning. Grunnaktivitetane på Rødt kurs er fellesaktivitetar som samspel, fellesskap og samhandling. Det vart arbeidd fram mot ein flott avslutningskonsert, og kvaliteten på den viste tydeleg at det hadde vore godt opplegg, dugande instruktørar og talentfulle musikantar. Rapportane seier at konserten var ei kjempeflott oppleving både for publikum og musikantar.

I tillegg er NMF sine sommarkurs kjende for det gode sosiale fellesskapet. På desse kursa vert det knytt mange bekjentskap og vennsapsband. Vennskap som lever i beste velgåande sjølv om kursa vert slutt. Kursa er svært inspirerande for skulekorpsmusikantane.

Nils Rainer spelar euphoinium, og han er ein ivrig og flink musikar. Som elev i kulturskulen, har han fleire gonger opptreidd som solist, seinast på avslutningskonsertane før sommarferien. No er han snart klar for ein ny sesong saman med resten av den flinke gjengen i Uskedal skulemusikk.



Gruppebilete av kjekk gjeng. Nils Rainer t.h.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: NMF Rogaland